



Årsmelding 2021



Kleiven Sogn - Trucknor – Monter Andersen – Klingenberg Hotell
Norconsult – Sportshuset – Hydro Årdal – Olav O Hæreid



årdalsnett



Årdal
Kraftlag



Årsmøte Årdalstangen Idrettslag

28. april 2021 klokka 18:00 Klingenberg Hotell

Sakliste

- 1. Opning**
- 2. Godkjenning av innkalling**
- 3. Val av møteiar**
- 4. Val av referent**
- 5. Val av to til å signere protokoll**
- 6. Årsmelding.**
- 7. Rekneskap**
- 8. Budsjett**
- 9. Innkomne saker**
 - 9.1 Val av påtale for 2022**
- 10. Val etter lovene**

ÅRDALSTANGEN IDRETTSLAG

ÅRSMELDING

2021

Arbeidsutval og styremedlemmer

Leiar	Roy Andre Nytun Bergerud	2020 – 2021
Nestleiar	Magne Knudsen	2021 – 2022
Kasserar	Anne Kauppi	2021 – 2022
Sekretær		2021 – 2022
Styremedlem 1	Lasse Heggheim	2021 – 2022
Styremedlem 2	Ingvild Bergseth	2020 – 2021

Leiarar i gruppestyra:

Ski	Even Gundersen Vee
Fotball	Svein Ove Jørgensen
Handball	Anne Kauppi
Turn	Line Hals Kvanli
Trim	Lis-Heidi Sværen
Barneidrett	Linn Hege Lereng Einan
El innebandy	Ikkje vore aktiv i 2021 – kvilande gruppe

Skulekontakt

Rektor og leiar elevrådet 2020/2021/2022

Representatar frå ÅTIL i Årdal Idrettsråd:

Roy Andrè Nytun Bergerud

Linn Hege Lereng Einan

Årsmelding 2021



Arbeidsutval:

Leiar: Roy Andre Nytun Bergerud

Nestleiar: Magne Knudsen

Kasserar: Anne Kauppi

Sekretær:

Styremedlem: Lasse Heggheim

Styremedlem: Ingvild Bergset

Møteverksemd i 2021

Arbeidsutval: 2 møter

Hovudstyret: 5 møter

Diverse møter med Årdal kommune, Tangen skule og Årdal Idrettsråd.

Medlemstal 2021

982 medlemmar fordelt slik:

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og eldre	Totalt
Kvinner	14	60	65	49	270	450
Menn	27	74	71	93	268	532
Totalt	41	134	136	144	541	982

Aktivitet i laget

2021 har vore eit år prega med covid og nedstenging. Men me har harka oss igjennom og gledar oss over at ingen av våre yngre medlemmer har blitt særleg hardt råka av Covid.

Me i hovudstyret og gruppene har holdt mykje kontakt gjennom facebook/teams gjennom dette året og ÅTIL har alltid våre klar til å starte opp igjen når regjeringa åpna for det. Eg vil berømme gruppene og styremedlemmane for tålmoden når det var nedstengt og stå på viljen og evna til å snu opp ned på alt når regjeringa åpna opp igjen.

No er vi i full drift og gledar oss for det.

2021 brakte oss nye flomlys på Årdalstangen Stadion. Dette var noko som absolutt var ein nødvendighet. So fikk vi ei "julegåve" av kommunestyret der det blei beslutta at niarbana

med kunstgras skal byggest iløpet av 2022. Dette er flotte nyheiter og ganske viktig både for oss som klubb og fotballen i Årdal. Årdal har foreløpig ingen 9ar bane.

Me har Seimsåsen som hovudanlegg for ski i Årdal. Og for eit anlegg det er. Dei fikk seg ny trakkemaskin og me kan vel alle vera enige i at denne gjere jobben som den skal. Utrulege flotte løyper blir preppa der av flinke medlemmar som heile Årdal nyter godt av

Ellers so skal me alle berømma barneidretten som ga ein god sum med penger til alle gruppene på årsmøtet i fjor. Barneidretten er ei gruppe me alle kan ta lærdom av. Dei er aktive i alle døgnets tider i styregruppa si på facebook der dei virkeleg får igang alle medlemmane. Dei lagar vaffler og tjener peng som dei da velger å fordele til alle gruppene. Det er jo samme ongane som er på alle aktiviteter. Men alikavel ingen sjølfølge. So bra jobba barneidretten!

Dette blir min siste årsmelding for denne gong i ÅTIL. For nokon fine styre-folk og medlemmar å vera leiar for. Det har selvfølgeleg storma litt av og til men det skulle no berre mangla. Nokon sit fortsatt i styret ennda som og gjorde det når eg vart leiar. Desse skal me ikkje skimse øver, dei har faktisk ikkje aktive onga i idrettslaget meir eigong. Ingen tvil om at nokon brenn meir for dette enn andre. Dei burde so absolutt få kongens medalje spør du meg. Tenkt å stille opp kveld etter kveld for å holde ÅTIL hjula i gang slek at barn, ungdom og voksne skal få ha eit supert idrettstilbud. Å det i årevis. Eg har slek stor respekt for desse personane. Anne Kauppi, Line Kvanli og Magne Knudsen.

Me har ikkje gitt opp å få til eit klubblokale og dedikerte personar i ÅTIL jobbar iherdigt for å få til noko.

ÅTIL vil takka alle sponsorar og medlemmar for detta krevande året som har gått. Utan dei flotte sponsorane me har, so hadde ikkje ÅTIL våre som det er.

Takkar alle i hovudstyret for eit flott samarbeid i 2021

Da takkar eg for meg som ÅTIL leiar og vil fortsetta i klubben som kretsdommar i fotball.

Mvh

Leiar ÅTIL

Roy Bergerud



Vår dato
07.03.2022

Vår referanse
Hovudstyret

1. Styret si samansetjing:

Leiar: Linn Hege Lereng Einan

Nestleiar: Stine Fossen

Økonomi: Vilde Lien

Styremedlemmar: Anne Kauppi, Trine Lie Smedegård, Andrea Nesse Heggheim, Hanne S Moene og Lene Risløw.

2. Styret sitt arbeid:

Nokre få fysiske møter, elles er all kommunikasjon føregått via gruppe på facebook.

3. Aktivitet

Me starta barneidretten i veke 3 og hadde sett opp SKI som aktivitet dei «vanlege» vekene 6,7 og 9. Igjen var me uheldige med været og måtte avlysa fleire av desse vekene. Styret har i diskusjon kome fram til å å føreslå å flytta desse tre vekene til etter vinterferien neste år, for forhåpentlegvis å få meir stabilt vær og skiføre. Før påske laga Linn Hege til påskerebus med ulike spørsmål som var plassert rundt om kring i nærmiljøet. Dette var svært populært og me fekk mange små ut på tur for å svara på spørsmåla. Påskeegg vart trekt ut som premie til ti heldige vinnarar. Barneidretten var òg med på innkjøp av panneband / luer med reflekseffekt og Åtillogo på som vart utdelt til alle medlemmar. Skigruppa har òg spandert flott drikkeflaske til alle på barneidretten, då dei ikkje fekk gjennomføra Aosarennet som planlagt. Sesongen vart avslutta i veke 18.

Starta ny sesong med vanlege aktivitetar og klarsignal til å starta oppatt vaffelsal. Hausten har bestått av vanlege aktivitetar og me gjennomførte den årlege reflekskvelden saman med Politiet og Årdal Tenk Tryggleik. Denne kvelden er svært viktig å gjennomføra og gjev både liten og stor ei påminning om kor viktig det er med bruk av refleks.



Etterpå spanderte me halloweendonuts på alle mann 😊



Sesongen vart avslutta ved julegateopninga der barneidretten delte ut glowsticks og solgte varm kakao som var veldig populært på ein mørk, kald og regnfull kveld.

Småtrimmen har ikkje hatt noko tilbod i 2021 og det same gjeld bassenget. Her må me òg få nye badevakter på plass med livreddingskurs, noko me skal jobba med i 2022.

Ingen turneringar eller andre store arrangement er gjennomført dette året, grunna Covid.

4. Økonomi

Budsjettet for 2021 var basert på normale inntekter, samt turneringar og andre arrangement. Alle større arrangement vart avlyst, og førte til mindre inntekter enn budsjettet. Likevel har me motteke tilsaman kr. 74.094,- i støtteordningar frå sponsor, NIF og koronastøtte.

Dette gjer at me framleis har god økonomi dette året, og endar med overskot på kr 45802,99. Ingen store investeringar er blitt gjort dette året

Sjølv om det ikkje var budsjettet, ønskjer eit samrøystes styre å gje tilbake til dei andre undergruppene i Åtil som stiller opp på barneidretten, og gjev kr 10 000,- kvar til turn- ski- og fotballgruppa.

Vår dato
07.03.2022Vår referanse
Hovudstyret

5. Medlemstal

Barneidretten hadde i 2021 76stk påmeldte (mot 77 i fjor) fordelt slik på alderstrinn og kjønn:

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Gutar	5	9	7	10	4	4	4	4
Jenter	2	10	2	4	2	4	4	1
Total	7	19	9	14	6	8	8	5

Total 47 gutar og 29 jenter.

Gruppevis vert inndelinga slik:

Småtrimmen: 27stk (29stk i 2019)

Fyrste gruppa (5åringar og 1.klasse): 23stk (23 stk i 2019)

Andre gruppa (2.og 3.klasse): 26stk (25 stk i 2019)

Ikkje stor endring i antal medlemmar men me håpar at antal småtrimmarar vil auka frå 2022. Det har vore knapt med aktivitet på denne gruppa både i 2020 og 2021 grunna covid.

6. Oppgåver i året som kjem

Me vil i 2022 fortsetja å ha gode og variert aktivitet for ungane. Covidreglane er no historie og me får starta opp med småtrimmen og tilbod om bading etter kvart som me får godkjente badevakter til å stilla.

Val:

Leiar: Linn Hege Lereng Einan – ikkje på val

Nestleiar: Stine Fossen – på val, tek ikkje attval

Trine Lie Smedegård valgt inn som nestleiar.

Kasserar: Vilde Lien – ikkje på val

Styremedlem: Hanne S Moene – ikkje på val

Styremedlem: Lene Risløw – ikkje på val

Styremedlem: Anne Kauppi – på val, tek ikkje attval

Stine Gruben Breivik valgt inn

Styremedlem: Trine L Smedegård – går inn som nestleiar

Ann Iren Hunderi valgt inn

Styremedlem: Andrea N Heggheim – på val, tek attval

Nytt styremedlem: Kjersti J Dolmen (frå hausten 2022)



Vår dato
07.03.2022

Vår referanse
Hovudstyret

Signert og godkjent årsmelding 07.03.2022

Linn Hege Lereng Einan
Leiar

Stine Fossen
Nestleiar

Lene Risløw
Styremedlem

Vilde Lien
Kasserar

Hanne S Moene
Styremedlem

Anne Kauppi
Styremedlem

Andrea N Heggheim
Styremedlem

Trine L Smedegård
Styremedlem

Årsmelding 2021 ÅTIL Fotballgruppa

Generelt

Fotballsesongen 2021 vart nok ein gong prega av COVID-19 pandemien, dog i noko mindre grad enn sesongen 2020. I mars 2020 blei all aktivitet i idrettslaget forbudt, noko som medførte redusert treningsaktivitet og ein utsetting av oppstarten på vårsesongen. Både vårsesong og haustsesong blei allikevel gjennomført, men pga forsinka oppstart vara sesongen til i slutten av oktober.

Styret har bestått av:

- Svein Ove Jørgensen, leiar
- Ulrik De Claville Ibsen, kasserer/regnskap
- Arild Hatlelid, styremedlem
- Linas Juska, styremedlem

Hovedoppgavene til styret

Hovedoppgavene til styret i perioden har vore organisering og drift av klubben sine lag, inkludert påmelding av lag, oppsett av treningstider, oppfølging og drift av anlegget på Cuba.

Styret har gjennomført 4 styremøter i sesongen:

- 22.04 Styremøte
- 25.08 Styremøte
- 24.01 Styremøte
- 07.02 Styremøte

I tillegg blei dei gjennomført eit trenarmøte

- 06.04 Trenarmøte

Styret deltok ikkje på kretsting 2021. Me har gjennomført klubbbesøk med kretsen (31.01) og deltatt på sonemøter.

Lag i 2021

I 2021 har me hatt ca. 75 aktive spelarar fordelt på sju ulike årsklassar, desse er fødd mellom 2009 til 2015. Fleire lag har vore nøydd å samarbeida på tvers av årsklassane, dette er heilt nødvendig for at me skal kunne gje tilbud om trening og kamp. Styret ynskjer å takke alle spelarar og trenarar for god innsats i 2021.

Følgande lag har vore aktive i 2021:

Lag	Alderstrinn	Ca antall	Trenar(ar)	Seriespel
J06/G06	2015	9	Svein Ove Jørgensen	Kongleriket
J07	2014	8	Lasse Heggheim	Kongleriket
G07/G08	2014, 2013	9	Thomas Norheim Moen Kristian Natvik	Kongleriket
J08/J09	2013, 2012	8	Lene Læg Reid, Cathrine Stedje Jørgensen	Kongleriket, 5'ar
G09	2012	8	Thomas Norheim Moen Ariel Seim	Kongleriket, 5'ar
J10/J11	2011, 2010	8	Per Gisle Dvergedal	7'ar
G10	2011	8	Svein Ove Jørgensen Arild Hatlelid	7'ar
G12	2009/2010	12	Davy van Menxel Terje Bjaanes	9'ar

Seriespel

Me har hatt fem ÅTIL lag med i seriespel:

- J08/J09, 5'ar
- G09, 5'ar
- J11/J10, 7'ar
- G10, 7'ar
- G12, 9'ar

Kongleriket

Dei yngste laga har deltatt i Kongleriket. Det blei gjennomført 4 stk Konglerike turneringer i 2021. Desse blei arrangert av Jotun, Hafslø, Lærdal, og Kaupanger. ÅTIL har deltatt på alle turneringane, og stort sett med lag i alle årsklasser på kvar turnering.

Trenarutvikling

Det har ikkje vore avholdt trenarkurs av ÅTIL i 2021.

Jotun arrangerte eit Grasrottenar 2 kurs, og me hadde ein deltagar på det.

Dommarar

Følgande dommarar har dømt kampar på Cuba i 2021

- Johannes Paulides
- Sandra Moen
- Matthias van Menxel

Me takkar for innsatsen, og håpar dei og blir med å dømme 2022.

Det blei ikkje gjennomført noko dommarkurs i 2021. Dette er nødvendig før sesongstart i 2022 for å ha nok dommarar i kommande sesong.

Anlegg

Det har vore god aktivitet på anlegget på haustsesongen. Alle treningane til våre lag har vore på kunstgras eller grasbana på Cuba. I tillegg har ÅFK sitt andrelag trent fast på grasbana gjennom hausten. Og ÅFK sitt førstelag har hatt enkelte treningar på grasbana.

På grasbana har det vore merka for 5'ar, 7'ar og 9'ar bane. På kunstgrasbana har det vore merka for 5'ar og 7'ar bane.

Det blei montert nytt lysanlegg på kunstgrasbana i 2021.

Kommunen har bevilga peng til ny kunstgrasbane i 2022. Dette skal vera ei 9'ar bane. Me har ikkje fått informasjon om når denne skal vera klar.

Økonomi

- Regnskap 2021, sjå vedlegg A
- Balanse pr 31.12.21, sjå vedlegg B
- Budsjett 2022, sjå vedlegg C

Leiar

Svein Ove Jørgensen



Årsmelding handballgruppa

2021





Vår dato
03.02.2022

Vår referanse
Styret handball

1 Styret si samansetjing

Leiar: Anne Kauppi
Økonomi: Anne Kauppi og Merete Ylvisåker
Styremedlemmar: Emil Hillestad, ansvar senior
Reidun Fodnes, innkjøp kiosk/arrangement
Linn Hege Lereng Einan
Nadyia Melnykova, ansvar sport barneidrett

2 Styret sitt arbeid

2.1 Styremøter

Det har vore lite møteaktivitet i 2021 sidan Covid-19 har prega sesongane 2020/2021 og 2021/2022

3 Aktivitet

Våren 2021 avslutta me med 4 aktive lag, i tillegg til samarbeidslaga på J2008 og J2007 med Jotun. Hausten 2021 hadde me meldt på J11, G13 og senior Herre. G13 er eit samarbeidslag med Jotun. I tillegg har me samarbeidslag på J13 og J14 saman med Jotun.

Dommarar 2021 for ÅTIL var Olai Holsæter, Vigdis Askeland og Emil Hillestad.

4 Økonomi

Økonomien til handballgruppa er tilfredsstillande, da hovudlaget søkte ut Covid-19 midlar som vart delt ut til gruppene.

5 Medlemstal (har ikkje endra desse sidan 2020)

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og eldre	Totalt
Kvinner		25	11	1	8	45
Menn		22	15	12	7	56
Totalt		47	26	13	15	101

5.1 Medlemsutvikling

	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Kvinner	73	67	25	45	45	
Menn	79	77	44	56	56	
Totalt	152	144	69	101	101	

6 Oppgåver i året som kjem

Full fokus på barneidrett og oppfølging på dei aktive laga me har no. Legge til rette for trenarutdanning lokalt, og fleire trenarar per lag.

Eige styremedlem som skal administrere handballaktiviteten og organisere påmelding til minihandballturneringane frå 6-9 år.

Handballgruppa vil bidra på klubbutvikling som ÅTIL startar på i april 2022, og vil styrke styret med yngre krefter som brenn for eit aktivt handballmiljø i ÅTIL.

Styrke samarbeidet med IL Jotun,.

Postadresse
Årdalstangen Idrettslag
Postboks 171
6881 Årdalstangen

Besøksadresse

Epost: leiarhandball@aatil.no

Telefon

Web
www.aatil.no

Bank
3730.20.06254
Foretaksregisteret
974 442 868



Vår dato
03.02.2022

Vår referanse
Styret handball

7 Årsmelding frå dei ulike gruppene / laga

Lag	Trenar	Oppmann
J11 2021/2022	Nadyia Melnykova Linn Hege Lereng Einan	Marit Njøs Natvik
J13 2021/2022 Samarbeid med Jotun	Stine Kauppi Straumsheim Linda Øy	Lisell Måren
J14 2021/2022 Samarbeid med Jotun	Adelheid Nes Vibeke Fuche Moe	Laila Da Silva Vamråk
G13 2021/2022 Samarbeid med Jotun	Nina Jevnaker Vibeke Rinde Anne Kauppi	Yvonne Finnebotn
Senior Herre 2021/2022 Samarbeidslag med Jotun	Rune Hunderi Fekk ikkje koma i gang hausten 2021 pga Covid-19	Reidun Fodnes

Styret ÅTIL Handball (s)

Postadresse
Årdalstangen Idrettslag
Postboks 171
6881 Årdalstangen

Besøksadresse

Epost: leiarhandball@aatil.no

Telefon

Web
www.aatil.no

Bank
3730.20.06254
Foretaksregisteret
974 442 868



Vår dato
03.02.2022

Vår referanse
Styret handball

Årsmelding handball J11 sesongen 2021/2022

Trenarar: Nadyia Melnykova og Linn Hege Lereng Einan
Oppmann: Marit Njøs Natvik

Spelarar som har vore med:	Emma Lereng Einan	Sunniva Nundal-Havro
	Eva Grenager	Maria Myrmel Moen
	Ida Dvergedal	Nikoline Guttormsen
	Ida Jentoftsen	Nadia Maria Niedzwiecka
	Leonora Nesse Vigdal	Sigrid Njøs Natvik
	Sofia Chmelar	Tuva Øren Styve

Det har vore ein merkeleg og annleis sesong – med kun eit par kampar for jentene. Jentene har likevel synt godt oppmøte på treningane, og det ser ut til at dei storkosar seg på treningane. Me trenar 1 økt per veke på 1,5 time, noko me tykkjer har vore veldig fint.

Laget er påmeldt Voss handballcup helga 22.-24. april 2022

Årsmelding handball G13 sesongen 2021/2022

Trenarar: Anne Kauppi, Vibeke Rinde(ÅTIL) og Nina Jevnaker (Jotun)

Antall spelarar:

8 ÅTIL

Jo Blikken

Markus Rinde

Andreas Skålbones

Viljar Lie Smedegård

Kristoffer Tørnes

Hermann Myklebust Valaker

Gjermund Sørhage

Mathias Klingenberg Vee

8 Jotun

Thomas Grytbakk

William Saltnes

Kahled Alyasin

Oskar Bronnes

Elias Lindborg

Kasper Smedegård Høl

Aron Thunes

Yazan Almasri

Treningar: Denne sesongen har òg G13 vore eit samarbeidslag mellom ÅTIL og Jotun. Det har fungert veldig godt og er noko me gjerne vil satse på også neste sesong. ÅTIL-gutane har vore 7-8 faste spelarar som har vore på trening. Jotun-gutane det same. Det har vore veldig kjekt å ha ei spelargruppe på rundt 14-16 gutar kvar trening. Då har me fått gjennomført varierte og artige treningar der ein også kan få spelt mykje. Dette har vore avgjerande i eit år der nesten alle kampene gjekk ut på grunn av koronasituasjonen. Gutane har vore positive og treningsvillige heile sesongen, men det merkast at dei saknar å spele kampar. Treningsarbeidet er ikkje alltid like motiverande når ein ikkje har kampar å trene mot. Det gjeld nok både for spelarar og trenarar. I treningsarbeidet har me framleis stort fokus på å ha det moro med ball, men det byrjar også å bli fleire tekniske og taktiske handball-øvingar. Det er kjekt! Me har to treningar i veka, ei trening i Øvre og ei på Tangen. Det siste året har me jobba mykje med å få til lagspel, å spela kvarandre gode og prøva å få til eit par enkle spelesystem. I høve til individuelle ferdigheiter jobbar me med å utvikle skot og finter. I tillegg har me no i år også hatt fokus på «Skadefri» og litt grunnleggande basisstyrke. Alle spelarane viser fin utvikling og dei er ivrige i treningssituasjonen. Konkurransinstinktet er stort, så det er alltid vellukka å ha øvingar med eit eller anna konkurransepreg. Å spele er det kjekkaste og heldigvis er me stort sett alltid nok spelarar til at me får spelt på trening. Det har vore spesielt viktig no når koronasituasjonen har gjort at svært mange kampar har vorte avlyste. Me er nok litt spente på å sjå kva mangel på kampar har gjort med motivasjonen, og om me mistar nokon før neste sesong på grunn av det. Me håpar sjølvstakt at me blir mange nok til at me kan stilla G14-lag til neste sesong.

Laget er påmeldt Nordfjord Cup i Stryn helga 20.-22. mai 2022

Postadresse
Årdalstangen Idrettslag
Postboks 171
6881 Årdalstangen

Besøksadresse

Epost: leiarhandball@aatil.no

Telefon

Web
www.aatil.no

Bank
3730.20.06254
Foretaksregisteret
974 442 868



Vår dato
03.02.2022

Vår referanse
Styret handball

Årsmelding handball J13 sesongen 2021/2022

Trenarar: Linda Øy og Stine Kauppi Straumsheim
Oppkvinne: Lisell Måren

Denne sesongen har me vore 18 jenter på laget. 5 frå Årdalstangen og 13 jenter frå Jotun. Me har 2 lag i serien der me har møtt Bjørn, Førde, Syril og Vikane. Nytt frå denne sesongen er at me har fått med oss Sandra Rinde i trenerteamet. Ho er med av og til og har ansvar for keeperane. Me har treningar tirsdager og torsdager og vi er alt fra 10- 18 jenter på treningane. Sesongen har vært fin og mange jenter har hatt stor utvikling denne sesongen. I og med at me har 2 lag, så har alle jentene fått bra med speletid. Før jul fekk me spelt alle kampene mens me har fått utsett 2 kamper etter jul. Ser ut som om me skal klare å få spelt desse no i løpet av feb/ mars. Me håpar å få til ein avslutning for jentene når sesongen er ferdig.

Årsmelding handball J14 sesongen 2021/2022

Trenarar: Vibeke Fusche Moe og Adelheid Nes
Oppkvinne: Laila Da Silva Vamråk

Jotun J14 byrja sesongen bra med 12 spelarar frå både Øvre og Tangen. Me fekk trene godt i haustsesongen fram til ny nedstenging på grunn av Corona-situasjonen. I år er det trippel-serie på grunn av få lag i serien. Me har møtt Sogndal, Vik, Gaular og Syril. Me har vunne mot Sogndal og spelt uavgjort mot Syril. Det vart tap mot Vik og Gaular. Gjennom haustsesongen har me trene måndagar i Årdalshallen og onsdagar i Tangenhallen. Dessverre har me no etter nyttår mista seks spelarar. Me trur at nedstenging og utsette kampar har gjort til at fleire av jentene har mista motivasjonen. Dette er svært uheldig og gjer at me ikkje greier å stilla lag utan hjelp frå andre lag i Jotun. Heldigvis har me ivrige jenter på 13-års laget som stiller opp på kampar. Det har fungert fint. For å gje eit godt treningstilbod til dei jentene som er att på laget har me slått oss saman med J16. Jentene synest dette er ei god løysing, og dei utviklar seg handballmessig ved å trene på eit høgre nivå. Me har no begge treningane i Årdalshallen saman med J16. Me håpar at me skal greia å gjennomføra resten av sesongen ved å låna spelarar frå 13-års lag

Postadresse
Årdalstangen Idrettslag
Postboks 171
6881 Årdalstangen

Besøksadresse

Epost: leiarhandball@aatil.no

Telefon

Web
www.aatil.no

Bank
3730.20.06254
Foretaksregisteret
974 442 868



Vår dato
03.03.2022

Vår referanse
ÅTIL Ski

1 Styret si samansetjing

Årstal i parantes er når medlem er på val.

Leiar: Even Gundersen Vee (2023)
Anlegg / utvikling: Magne Knudsen (2023)
Hytteansvarlig: Kristin Jevnaker Seim (2022)
Økonomi: Hanne Katrine Nes (2023)
Styremedlemmar: Jan Stian Smedegård (2023)

1.1 Andre rollar

Løype- og maskinansvarlig: Ivar Jevnaker
Løypemaskinfører: Stian Vee
Arrangement: Håkon Seim Lysne, Tor Henanger, Johnny Svåi, Terje Solheim

2 Styret sitt arbeid

2.1 Styremøter

Det er blitt avholdt 3 styremøter i perioden etter avslutning av forrige skisesong.

2.2 Spesielle oppgaver

Styret har handsama saker knytta til drift av anlegget og sportsleg aktivitet. I tillegg til styremøter har det også blitt avholdt samarbeidsmøte med Årdal Kommune og grunneigarar for å diskutere framtidige behov på Skisenteret.

Oppgaver som er utført i perioden:

- Montert nye LED lyskastere på parkeringsplassen, beslysning av akebakke og framfor Aosahytta. Finansiert av Seimsdal kraft og Årdal Energi. Liften fekk me låne av Olav O. Hæreid. Torbjørn, Jan Stian, Ivar og Even tok jobben med å skifte armaturene.
- Service på løypeutstyr. Snøscooteren vart frakta tur / retur Vang Autoservice av Stian for hovudservice. Ivar har skifta batteri i løypemaskina, samt generell klargjering og service før sesongstart. Innkjøp av batteri via HMR.
- Drenering i lysløypa; ei lita økt på hausten for å forbedre eksisterande drenering.





Vår dato
03.03.2022

Vår referanse
ÅTIL Ski

3 Aktivitet

Sesongoppstart som normalt etter haustferien. Bra innsats på treninger i gymsalen. Litt trøblete oppstart av skitrening grunna dårlige forhold før jul. Ser ut til å bli ein trend me må justere for i tiden framover.

Elles er Skigruppa diverre inne i ein periode med laber sportsleg aktivitet. Det kan være fleire årsaker til dette, men covid pandemien er nok både ein direkte og inndirekte årsak. Me har hatt to vanskelige år med hensyn på arrangement. Kiosken i skihytta har også vore stengt heile denne perioden. Både arrangement og Kiosksalet er viktig for aktivitet generelt.

Me veit av erfaring at skiaktivitet ofte henger saman med aktive foreldre, og gjerne kull der foreldregenerasjonen har drive med skisport tidlegare. Aktiviteten i barneidretten syner at det er håp for skigruppa framover. Det er mange ungar i dei yngre klassetrinna som er ivrige på ski. Her er det heilt klart kandidatar for langrennstreningar innan 1 – 2 år.

Barneidrett:

Skigruppa har framleis eit godt samarbeid med barneidretten. Aktivitetsskveldane på Seimsåsen er vitktig for rekruttering og bruk av anlegget. Stor takk til alle som bidreg ekstra i forbindelse med desse arrangementa.

Sesongstart Beitostølen:

Litt avkorta besøk på Beito, men me vel å holde på tradisjonen. Dårlige snøforhold på heimtraktene tidlig på sesongen gjere det litt ekstra interessant å teste World Cup løypene på Beitostølen:



4 Økonomi

Den økonomiske situasjonen i Skigruppa er stabil. Årsmøte i 2021 beslutta at Skigruppa går inn med kr 180.000 ekstra for å betale ned på løypemaskina. I tillegg til dette fekk Skigruppa godkjent søknaden til Idrettsforbundet om utstyrsmidler. Søknadsramma var kr 300.000. ÅTIL fikk overført kr 217.000 i juni 2021 !.

Frå 2021 får Skigruppa overført kr. 50.000 frå Årdal Kommune i støtte til løypekøyning gjennom partnerskapsavtalen. Dette er ein avtale over 5 år, men opsjon på 5 nye år. Det vart gjort eit framstøt på å få utbetalt summen for 5 år som eit eingongsbeløp, men dette vart ikkje fulgt opp då behovet kanskje ikkje var veldig stort.

Økonomien for Aosahytta er noko meir utfordrande. Pga feil i overføring frå Årdal Kommune, samt ingen overføring frå Hovudlaget for denne perioden, har Skigruppa lånt ut kr. 70 000 til Aosahytta for å få balanse i regnskapen.

Postadresse
Årdalstangen Idrettslag
Postboks 171
6881 Årdalstangen

Besøksadresse

Epost: leiarski@aatil.no

Telefon

Web
www.aatil.no

Bank
3730.20.06254
Foretaksregisteret
974 442 868



Vår dato
03.03.2022

Vår referanse
ÅTIL Ski

5 Medlemstal

Aktive deltagarar på treningar i 2021:

Gunnar Tørnes
Kristoffer Tørnes
Iver Lie Gundersen
Simen Paulides
Johannes Paulides

Aktivetet elles:

Barneidretten samlar 30-40 ungar kvar kveld, inklusive foreldre.
Seimsåsen er stadig eit aukande samlingspunkt for dei som vil gå randonee og fjellski.

Aktivitet utanfor organisert trening er i stor vekst.

6 Oppgåver i året som kjem

6.1 Anlegg

Vedlikehald og utvikling av anlegg er framleis ein av dei viktige oppgåvene for Skigruppa. Oversikt over dugnadsbehov i perioden framover:

- Aosahytta treng maling / beis. Forslag om dugnad på dette våren 2022.
- Aosahytta treng ny ytterdør ila året.
- Hytta på Brendeffjell vil også trenge maling ganske snart.
- Traseen langs traktorvegen i retning Geitånatjørni blir sannsynlegvis viktigare i åra framover for å ha løypeforhold tidlig på sesongen. Her er det dreneringsbehov i området ved krysset der løypa fra stadion kjem opp. Dette må utførast med maskin.
- LED lys: det er ein pågåande prosess med Årdal Kommune for å få avklart korleis me angriper dette prosjektet. Skigruppa har signalisert at me ynskjer hjelp til prosjektering og deler av gjennomføringa. Dette er eit spelemiddelprosjekt og det er mogelegheiter for at dette kan bli gjort ila 2022.

6.2 Rekruttering aktive

Forslag om å satse meir på lokale renn, som alternativ til større kretsarrangement. Det er ein generell nedgang på antall aktive i heile krinsen. Små lokale renn, «låg terskel», vil være enklare å gjennomføre. Desse renna krev mindre planlegging og forarbeid. Me forventar at lokale renn vil være betre for rekkurateringa lokalt. Denne type aktivitet har same målgruppe som Barneidretten.

Grunna store aldersspenn ++ er det ikkje rekrutert målretta dei siste to åra. Dette bør vurderast inn mot neste sesong, men understrekar at dette krev meir kapasitet på trenarsida. Me bør ha minimum 2-3 trenarar dersom ein skal få til dette på ein god måte. Det vil bli eit stort spenn både i alder og nivå på kvar trening.



ÅRSMELDING TURN 2021

1 Sammensetning styret

Leiar: Line Hals Kvanli
Nestleiar: Ingunn Marie Holsæter Sandvik
Økonomi: Line Hals Kvanli
Styremedlemmar: Hanne Øren
Marit Njøs Natvik

2 Styret sitt arbeid

2.1 Styremøter

Vi har i perioden hatt 1 styremøte. Mange avklaringer skjer via styregruppen på messenger.

2.2 Spesielle oppgaver

Sogn og Fjordane gymnastikk og turnkrets gikk over til å bli Vestland Gymnastikk og turnkrets fra november 2019. Leder sitter i utdanningsutvalget i den nye kretsen.

3 Aktivitet

3.1 Treninger vårsesongen

Gruppeinndeling:
Gruppe 1: 4. klasse født 2011
Gruppe 2: 5. – 6. klasse Født 2010-2009
Gruppe 3: 7. klasse og eldre: Født 2008 og eldre.
Trening foregår 1-1,5 timer i uken for hver gruppe

Trenere:
4.-7. klasse: Line Kvanli, Ingunn Sandvik, Anne Grethe Hodlekve Haug, Øystein Henjum, Hanne Øren, Elisabeth Natvik, Marit Njøs Natvik, Anette Huun Jevnaker og Stine Fossen.
7. klasse og eldre: Line Kvanli, Ingunn Sandvik, Christina Frønningen og Erik Dyrdal

Aktivitetene til turngruppa er tumbling (matteøvelser på airtrack) og trampett.
Vi har 61 aktive turnere.

Korona restriksjoner på treningene og det var dugnad på foreldrene som koronavakt i inngangen.

3.2 Turnstevne

Avlyst pga Corona.

3.3 Treninger høstsesongen

Oppstart 07.09.

Gruppeinndeling:
Gruppe 1: 4.-5. klasse født 2012-2011
Gruppe 2: 6.-7. klasse Født 2010-2009
Gruppe 3: 8. klasse og eldre: Født 2008 og eldre.
Trening foregår 1-1,5 timer i uken for hver gruppe

Trenere:
4.-7. klasse: Line Kvanli, Ingunn Sandvik, Anne Grethe Hodlekve Haug, Hanne Øren, Elisabeth Natvik, Marit Njøs Natvik, Anette Huun Jevnaker og Stine Fossen. Denne høsten fikk vi i tillegg med oss Andrea Luggenes og Juraj Chmelar.

8. klasse og eldre: Line, Ingunn og Erik Dyrdal.

Aktivitetene til turngruppa er tumbling (matteøvelser på airtrack) og trampett.
Vi har 53 aktive turnere.

ÅRSMELDING TURN 2021

3.4 Barneidretten

Turngruppa har hatt ansvaret for 4 barneidretter i 2021.
Pga korona ble 2 barneidretter avlyst på vårsesongen

3.5 Medtrener og gymlek kurs 25.09.

Vi arrangerte medtrener og gymlek kurs for gymnastikk og turnforbundet 25.09.

Kurset arrangert vi i Tangenhallen.

Line og Ingunn lagde lunsj og delte opp frukt til deltakerne.

Kursinstruktør: Sandra Holgersen

Antall deltakere: 9

Fra ÅTIL deltok: Hanne Øren, Marit Njøs Natvik, Anne Grethe Haug og Andrea Luggenes

Et kjekt kurs der voksne trenere fikk leke litt. ☺



3.6 Sikringskurs 1 trampett og tumbling 6.-7.11. Øvre Årdal

Jotun arrangerte sikringskurs 1 trampett og tumbling i Øvre for Gymnastikk og turnforbundet.

Det er et kurs en må ha for å være trener på trampett.

Kursinstruktør: Jan Aage Schulsrud

Fra ÅTIL deltok: Hanne Øren, Juraj Chmelar og Anette Huun Jevnaker

3.7 Juleavslutning 07.12.

Juleavslutningen ble avlyst samme dag som den var planlagt pga korona.

Nissen hadde derfor allerede kjøpt inn litt godsaker til turnerne.

Så han fikk lov å sitte i hagen til Ingunn å dele ut pakker til ungene, snille nissen!





ÅRSMELDING TURN 2021

4 Økonomi

Økonomien er meget god i gruppen.

5 Medlemstal (slutten av året)

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og eldre (trenere)	Totalt
Kvinner	0	15	6	2	8	31
Menn	0	18	2	1	1	22
Totalt	0	33	8	3	9	53

5.1 Medlemsutvikling aktive

Sesong	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22
Kvinner	35	28	26	28	31	20	24	30	31
Menn	31	27	24	23	37	29	22	31	22
Totalt	66	55	50	51	68	49	46	61	53

5.2 Oppgaver 2022

Skaffe kurs til trenere som ønsker det.

Få på plass lager for utstyr, spesielt tumblingbanen som står lagret i Sogn Kran og Transport sine lokaler (gamle Tess bygget).

Takk til alle som støtter og hjelper oss i turngruppen!
Vi er helt avhengig av det.



ÅRSMELDING TRIM 2021

1 Sammensetning styret

Leiar: Lis-Heidi Sværen
Nestleiar: Line Hals Kvanli
Økonomi: Anne Kauppi

2 Styret sitt arbeid

2.1 Styremøter

Ikke vært noen styremøter i perioden.

3 Aktivitet



Straks trening i gymsalen.

3.1 Treninger vårsesongen

Trening 2 ganger i uken, mandager og onsdager, fra januar til april ute på skoleplassen.
Ikke tillatt med aktivitet inne for voksne pga Korona.
I gjennomsnitt 8-10 stk på hver trening.

Aktivitet har vært tabata/styrke trening.

Trener: Lis-Heidi Sværen

3.2 Treninger høstsesongen

Trening 3 ganger i uken, mandager og onsdager i gymsalen og fredager i Tangehallen.
Fra september til november.
Aktivitet stoppet i desember pga korona.

I gjennomsnitt 8-15 stk på hver trening.

Aktivitet har vært tabata og sirkel trening.

Trenere:

Lis-Heidi Sværen i gymsalen
Line Kvanli og Kirsti Gulbrandsen i Tangenhallen

ÅRSMELDING TRIM 2021

Noen aktiviteter i gymsalen mandag og onsdager:




Øvelser på step Brett



Vår alles kjære burpees.

Noen aktiviteter på sirkeltreningen i Tangenhallen fredager:



Battlerope



Kettlebell

4 Økonomi

Økonomien er grei i gruppen.

5 Medlemstal (slutten av året)

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og eldre	Totalt
Kvinner	0	0			11	11
Menn	0	0		0	4	4
Totalt	0	0		0	15	15

5.1 Medlemsutvikling aktive

Sesong	2020-21	2021-22						
Kvinner	18	11						
Menn	1	4						
Totalt	18	15						